

Arild Sture  
Marøyvegen 253 A  
5937 BØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/2694 - 21/37146

Saksbehandlar:  
Morten Mangerøy Helland  
morten.mangeroy.helland@alver.kommune.no

Dato:  
02.06.2021

## Forslag til retting av grense i matrikkelkartet - gbnr. 427/71

Kommunen har fått ein henvendelse angåande feil i matrikkelkartet. Feilen gjeld eigedom 427/60 og 427/71. Per i dag ligg begge desse bruksnummra på same teig i matrikkelkartet.

Kommunen har framskaffa og gått igjennom skyldskifte for dei to eigedoma. Det kan sjå ut som dei grensene som ligg i matrikkelkartet i dag stemmer greitt med grensene i skyldskifte for gbnr. 427/60. Grensene for teigen gbnr. 427/71 ser ut til å mangle i matrikkelen i dag.

Partane har sendt inn eit situasjonskart som viser korleis dei meinar grensene skal rettast. Ut frå det eg kan sjå stemmer dette situasjonskartet godt med beskrivingane for gbnr. 427/71.

Kommunen har no laga til eit forslag til retting i matrikkelkartet. Forslaget inneber at gbnr. 427/60 vert liggjande som i dag, mens gbnr. 427/71 vert oppretta som ein teig med grenser tilsvarende dei i situasjonskartet. Vedlagt føl kart som viser forslaget til retting.

### NB:

Føremålet med rettinga er kun å forbete kartet, det er grensene i marka og skyldskiftedokument som er rettsleg bindande. Denne rettinga er ikkje ei endring av grensene på noko måte, men ei retting av feil i kartet. Kartet vil fortsatt ha usikker kvalitet etter denne rettinga. Skal grensene ha god kvalitet i kartet må det rekvirerast oppmålingsforretning.

Alle berørte partar vert med dette varsla om forslag til retting, og me ber om at dersom du har merknadar til rettinga gjer oss ei tilbakemelding innan **23.06.2021**.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

Dersom me ikkje høyrer noko innan den datoен vert grensene ført i matrikkelen som beskreve.

Ved vidare kontakt i saka, ver vennleg å referer til saksnummer 21/2694. For eventuelle spørsmål kan sakshandsamar kontaktast.

Vedlagt føl kart som viser forslag til retting samt skyldskifte for gbnr. 427/60 og 427/71

Med helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Morten Mangerøy Helland  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Forslag til retting gamal orto  
Forslag til retting ny orto  
Skyldskifte 427-60  
Skyldskifte 427-71

**Mottakarar:**

|              |                  |      |         |
|--------------|------------------|------|---------|
| Arild Sture  | Marøyvegen 253 A | 5937 | BØVÅGEN |
| Gunnar Sætre | Vikaleitet 30 B  | 5131 | NYBORG  |